

## Vedtekter for Jordbrukslegat i Hol kommune

Vedtektene er vedtatt av legatstyret i møte 27.03.14

### §1

Namnet på legatet er: Jordbrukslegat i Hol kommune

Legatet sitt opprinnelege namn er: Hol Husdyrtrygdelags fond org.nr 979 571 070

Dette legatet er samanføyd med følgjande legat:

- Ole Arneson Neråls legat uregistrert
- Ole Olsen og Gunvor Slettemoens legat, org nr 990 695 075
- Torstein H. Aarsets jorddyrkingsfond, org nr 977 113 164
- Sander Myrens-jordbrukslegat, org nr 990 630 259

### § 2

Styret for legatet vert danna av Hol formannskaps 7 medlemmer og er valt for ein periode på 4 år som følgjer kommunevalperioden.

### § 3

Legatmidlane, ein grunnkapital på 506.769 kr pr 23.08.13, skal stå i Skue Sparebank til høgast mogleg rente.

Legatet sin grunnkapital er danna av grunnkapitalen frå dei samanføyde legata:

Namn på legatet	Grunnkapital	Prosent 2
1. Ole Arneson Neråls legat	10,503,-	2,1
2. Ole Olsen og Gunvor Slettemoens legat	24.734,-	4,9
3. Torstein H. Aarsets jorddyrkingsfond	116.233,-	22,9
4. Sander Myrens jordbruks legat	80.825,-	5,9
5. Hol Husdyrtrygdelags fond ,	274.474,-	54,2
Sum	506.769	100

Grunnkapitalen skal stå urörd og rentene skal disponerast av legatstyret. Legatstyret fastset tid for utdeling.

Kvart år skal 20 % av rentene avsettast til bunden eigenkapital. Fyrste året i kvar valperiode(kvart 4. år) vert det gjort vedtak om å overføre avsettinga til grunnkapitalen.


### § 4


Legatet sitt formål er å yte tilskudd til jordbruksfremmande tiltak så som å nydyrke, forbetre tidlegare dyrka jord og fellestiltak som tryggar husdyrhaldet.

- 16 % av disponible midlar skal vere øremerkt for austre Hol, krinsane Moen, Holet, Hovet og Sudndalen,
- 54 % av disponible midlar bør vere tilskudd til lag eller fellestiltak i jordbruket, og då særleg innan husdyrhaldet.


Hol, 27.03,2014.

  
Tony A. Kjøll


  
Jon-Andreas Kolderup

  
Hallvard Lilleslett

  
Ingjerd A. Anfinset

  
Erik Kaupang

  
Solveig H. Markegård

  
Sissel Hovland